

Styre- og gruppemøte 11. oktober

Stad: Lokala under Beststasjonen, Vatneeidet kl. 13.30.

Tilstade: gruppeleiari Kristian Stråmyr, leiar Ole Johan Høyberg, , styremedlem Malin Storhol, UV rep. Håvard Urkedal og observatør Steffen Falkevik.

Meldt forfall: nestleiar Thomas Vadset og styremedlem Eili Å. Arntsen.

Saker:

1. Liste for fylkestingsvalet 2015

-Kristian Stråmyr presenterte lista, og det var høve til å diskutere den. Styret valde Kristian Stråmyr og Håvard Urkedal som utsendingar med Malin Storhol som vara.

2. Saker frå formannskapet og planutvalet

- **Sluttmelding for renovering av Busk og Vusk.**

-Gruppa er nøgd med at prosjektet blei fullført i samsvar med intensionen og dei økonomiske rammene.

- **Tertiairrapport nr. 2**

-Gruppa tek til vitande at enkelte sektorar kan få eit meirforbruk og at skatteinntektene kan svikte.

- **Skisse for oppfølging av skuleutgreiingsbehov**

-Prinsipielt vil vi ikkje endre skulestrukturen på Nordøyane før Nordøyvegen tek form, vi er likevel positiv til å få ei vurdering på behovet der kapasiteten i Sandøy kommune blir teken med. På Vatne Tennfjord området har vi tidlegare gått inn for å sjå på endringar av kringsgrensene for å avhjelpe presset på Tennfjordskulen, vår oppfatning er at den beste løysinga er å bygge ein ny felles skule på Eidet saman ned ungdomsskulen.

- **Politisk styringsstruktur**

-Gruppa meiner at omsynet til å sikre eit godt demokratisk og fungerande styre av kommunen må ha forrang for økonomiske forhold, det er ikkje mykje vi kan spare på dette. Vi vil difor ikkje gå inn for å redusere verken tal kommunestyrerrepresentantar eller formannskapsmedlemmar. Vi vil ha eit utval med alle dei politiske partia representert med mandat til å sjå på heile den politiske styringsstrukturen under eit og kome med ei innstilling til kommunestyret i saka. Vi kan ikkje sjå at KKT og KPU har blitt vitalisert i særleg grad denne perioden, og stiller oss kritiske til det.

- **Delegasjon til rådmann - NAV området**

-Saka blei diskutert og Høyberg vil stille spørsmål om kva dei faktiske verknadane blir.

- **Detaljregulering Vatnefjord 1 - 1-BK-01- Godkjenning**

-Gruppa er nøgd med at ein ynskjer å investere i kommunen og er skeptiske til å sette kjeppar i hjula på utvikling.

3. Interpellasjonsframlegg

-Framleggsstilla trekk interpellasjonen ettersom behovet ikkje lenger er der.

4. Eventuelt

-Ingen andre innkomne saker

Referent:

Sekretær Kristian Stråmyr